

NORSK-ESTISK KULTURNYTT

Meldingsblad for Norsk-estisk kulturlag (Norra-estli kultuuriühing). Opplag 750. Abonnement for 1992 kr 100.

Redaktør: Turid Farbregd, Granvågen 14 A 36, SF - 00270 Helsingfors, Finland. Tlf. (095-358-0-) 477 1 488.

Grafisk utforming: Trond Trosterud.

Redaksjonen avslutta 4.12. Frist for stoff til neste nummer er 20. februar 1992. I samarbeid med Estlandsforeninga i Rogaland og Baltikumkomiteen i Trondheim går dette nummeret også til medlemmene deira.

NORSK AMBASSADØR TIL ESTLAND

Noreg har no fått den første ambassadøren som er busett i Estland. Ho heiter **Brit Løvseth** og leverte akkreditiva (fullmaktene) sine til president **Arnold Rüütel** tirsdag 26. november 1991. Til stades var ambassaderåd **Svein Tobiassen** og - etter oppmoding frå ambassadøren - **Turid Farbregd**.

Etter den høgtidlege seremonien med talar av Løvseth og Rüütel baud presidenten dei tre norske gjestene og eit par representantar frå estisk UD på kaffi. Samtalen galdt m.a. vidare utbygging av kontaktane mellom dei to landa. Ambassadør Løvseth tok opp problemet med kontorlokale og husvære. Førebels bur ho på Hotel Palace som er tilhaldsstad for diplomatar frå mange land, men under slike forhold er det vanskeleg å driva normal ambassadørveksemd. (Før krigen hadde Noreg konsulat i Tallinn med adresse Pärnu mnt. 6.). I bunad frå Trøndelag markerte Brit Løvseth kvar ho har røtene sine. Høgtida i presidentpalasset var det første oppslaget i den østiske dagsrevyen om kvelden, og neste dag var den nye ambassadøren omtalt på førstesidene i avisene; somme hadde også fotografi av den bunadkledd utsendingen.

Både ambassadør Løvseth og ambassaderåd Tobiassen har sterke kulturelle interesser. Dette markerte dei ved same dagen å vitja huslydane **Tarand/Viiding** og **Kross/Niit** i forfatarhuset på Harjugata. Neste dag hadde dei m.a. drøftingar med undervisningsminister **Rein Loik** og med leiarane for Estisk institutt, **Henno Rajandi** og **Kaja Tael**. Våre folk i Tallinn er med andre ord i full sving. Me ønskjer dei lykke til og ser fram til eit godt samarbeid om viktige saker.

DET DIPLOMATISKE APPARATET

Estland hadde før krigen (per 31.12.1939) 10 ambassarar og 151 konsulat, av desse 9 generalkonsulat. Resten var konsulat, æreskonsulat og konsularagentur. (Postimees 9.9.91). Representasjonen i dei nordiske grannelanda var på ambassadørnivå, med ambassadør stasjonert i Stockholm og sideakkreditert til Noreg og Danmark. (Helsingin Sanomat 11.10.91). No skal **Arvo-Jürgen Alas** vera stasjonert i København og fungera som estisk ambassadør til tre land: Danmark, Island og Noreg. Namnet hans vil vera kjent for lesarane av Kulturnytt; det er same karen som tidlegare sette om norsk og nordisk litteratur til estisk. Han snakkar flytande både norsk, dansk og islandsk. Til å ta seg av visumskriving og andre daglege saker er det oppretta eit konsulat i Noreg.

framhald..

Ole Harald Flåten melder frå Oslo: "Var tilstede på åpningen av Estlands konsulat 29.11. Der var utenriksminister Lennart Meri, Tiit Anderson fra Estisk Selskap i Norge, Ole Harald Flåten fra NEK medlemmer av styret i FNE, den nyutnevnte konsul **Arve Røys Stranden**, foruten representanter fra estisk UD og norsk presse. Konsulatet vil fungere fra 1. januar. NEK ønsket konsulen lykke til, overrakte estiske bøker oversatt til norsk og så fram til et godt samarbeid. Lennart Meri sa til NEK at han var svært imponert over alt Turid hadde gjort for å gjøre Estland kjent i Norge og at hennes innsats ble satt stor pris på."

UNDERSVINGSMINISTER REIN LOIK

var i Noreg 1.-4.12 saman med to tenestemenn frå same departement, **Endel Laanvee**, leiar for utanlandsavdelinga, og **Made Kirtsi**, ekspert. Ole Harald Flåten melder frå Oslo: "De var invitert av KUD v/Hernes og har deltatt på en lang konferanse på Holmenkollen Park Hotell. De var svært fornøyd med samtalen med Hernes (uten at det kom noe konkret ut av det), men misfornøyd med samtalen med Hernes' byråkrater. De mener at den beste samarbeidspartneren i Norge fortsatt er Kulturlaget/Foreningen Norden. 4.12. skulle de ha samtaler med EF-kommisjonen om deltakelse i TEMPUS-programmet som de har tro på. De var svært stolte over at Norges ambassadørs første besøk etter presidenten var hos Rein Loik. Hun besøkte like etter to skoler, nr. 7 (som har vennskapsforbindelse med hennes egen gamle skole, Berg) og nr. 21." (Tillagt av TF: Invitert av Meedi Neeme vitja ambassadør Løvseth 4.12. skulen i Viimsi.)

NORSK-ESTISK KULTURLAG - også kalla NEK

har fått ny adresse: Harbitzalléen 24, 0275 Oslo, tlf. 02 - 50 69 00.

Kontaktperson er **Mariann Rygge**. Saman med Kulturlaget Norge-Latvija har NEK gjort avtale med Foreninga Norden om administrativt samarbeid. Det betyr at NEK frå 4. november i år har fast postadresse, kontortid og sekretærhjelp. **Hurra!!!**

Det er tydeleg at NEK fyller ein viktig plass, for folk sluttar opp om laget og om arbeidet. Medlemstalet er raskt på veg mot 300. Også den nærstående Estlandsforeninga i Rogaland aukar stadig. Me seier eit hjarteleg velkomen til alle nye og takkar for den støtta medlemskapen betyr. Likeins ei stor takk til alle estlandsvenner for den verdfulle aktive innsatsen rundt om i heile Noregs land.

Ole Harald Flåten har kort skissert nokre av punkta på arbeidsplanen for neste år: "NEK vil videreutvikle studieprosjektet i Norge, arbeide for at FHS-elevane kan studere vidare i Norge på høgere utdanning, få til en norsk-eksamen for FHS-elevane, arbeide for å styrke Norsk-estisk studiehjelp, arrangere "Estisk uke" på forskjellige steder i Norge, få til kurs i estisk flere steder i Norge, få til noen kurs i norsk i Estland, få til kurs i estisk språk og kultur for norske deltakere i Estland, arrangere en kulturreise til Estland til sommeren, arrangere feiring av Estlands nasjonaldag, arbeide for et bredt samarbeid mellom norske og estiske kommuner, organisasjoner, skoler, institusjoner og enkeltpersoner, fortsatt spre kjennskap til estisk kultur og estiske forhold i Norge, samarbeide med Eesti-Norra Selts i Estland."

Ta kontakt med Ole Harald dersom du har tid og krefter å setja inn i nye eller gamle prosjekt. Veldig gjerne tek me imot forslag til nye styremedlemmer; det er ikkje så lenge til neste årsmøte. Og ver ikkje smålåten om du har lyst til å føreslå deg sjølv. Du treng slekt ikkje bu i Oslo-området for å sitja i styret, det viktige er at du har lyst til å gjera noko konkret. Men ver klar over

at kulturlaget ikkje har nokon budsjettpost for dekking av reiseutgifter til styremøta.

Ei prioritert oppgave er elles samanslåinga av NEK og FNE. Ole Harald Flåten melder: "Det pågår drøftelser mellom de to foreningene om sammenslåing. NEK ønsker at en slik sammenslåing skal skje med det aller første ettersom vi mener at resurser, både menneskelige og økonomiske, best kan utnyttes ved en felles organisasjon for Estland i Norge. Dette er holdningen også fra estisk side."

MEDLEMSPENGER FOR 1992

Dette er femte og siste nummer av Kulturnytt for i år. Saman med bladet sender me ut innbetalingskort og ber alle betala medlemspengane for 1992 snarast råd. Det kostar framleis berre kr 100. Med innbetalingskortet har du samtidig høve til å gi ei gave til laget. Gåvene har hittil utgjort ein vesentleg del av midla våre. Ei hjarteleg takk til alle givarar.

NORSK-ESTISK KULTURNYTT

har teke form i år. Bladet har fått ISSN-nummer og er eit riktig tidsskrift som skal pliktleverast til universitetsbiblioteka og til nasjonalbiblioteket. Tenk på det! Og tenk på kor viktig det er å få registrert mest mulig av Estland-relatert aktivitet. Det blir ein gong eit viktig historisk kjeldemateriale. Tenk alvorleg på det, og send inn stoff av alle slag til redaktøren. Når du sender utklipp, passsar du på å få med avisnamnet og datoen.

Kulturnytt kjem i år med fem nummer. Det er både mykje, og det er altfor lite i høve til stoffmengda og omfanget av verksemda som har med Estland å gjera. Alt skal vera så billeg som råd er, for me har mange viktige prosjekt å bruka pengane til. På andre sida er det inspirerende for estlandsvenner å

sjå kva slag aktivitet som finst. Redaktøren takkar hjarteleg alle som har sendt stoff og håper samarbeidet skal halda fram. Det er ikkje alle ting som rekk å koma på trykk, men absolutt alt blir lese og omhyggeleg arkivert. red.

ÅRSMØTE I STAVANGER

Estlandsforeninga i Rogaland hadde årsmøte 20. november med ca. 60 personar til stades.

Frå årsmeldinga nemner me: Foreninga var i april vertskap for ei gruppe kulturarbeidarar frå Estland. I september tok dei imot 42 lærarar. Samarbeid med Rogaland legeforening resulterte i at 5 estiske anestesilegar kunne delta på internasjonal kongress i Trondheim. Under "Schizofrenidagane" deltok to estiske psykiatrikarar. Foreninga har kontakt med og deler ansvaret for dei åtte folkehøgskuleelevane i fylket. I oktober var det besøk av kulturminister Lepo Sumera, osv osv

Mange rogalendingar har vore i Estland; **Willy Jensen** saman med fylkesskulestyret i vår og no nyleg saman med fylkeskulturstyret i eit sendelag som også talde alle parti-leiarane i fylkespolitikken, osv osv

Det er samarbeid i gang både med bonde- og idrettsorganisasjonane i Rogaland. To av dei fremste symjarane frå Estland skal tevla i oljebyen 6.-8. desember. Idrettsutstyr for ein halv million er innsamla og skal sendast austover. I veke 49 er det eit sendelag frå bondelaget og bondekvinnelaget i Võru-området for å gå vidare med oppbygginga av reiskap-stasjon og andre prosjekt. osv osv Komande år er det meininga å senda over både orkester og kunstutstilling. Fint er det at det blir gjort opplegg som skal føra norsk kultur vidare ut enn berre til hovudstadsområdet.

ARBEIDET I DEI ANDRE ORGANISA- SJONANE

* **Foreininga Norden** i Noreg engasjerer seg sterkt for Estland. Det er tilsett ein prosjektkoordinator, Mariann Rygge, som arbeider berre med Estland. Ho har sendt informasjon om nokre av dei tiltaka som er iverksette.

I januar 1992 blir det arrangert ei vekelang reise til Estland for 20 rektorar ved tekniske fagskular og vidaregåande skular med yrkesfagleg studieretning.

Norske skuleorganisasjonar er bedne om å støtta ei innsamling til materiale for skuleelevar i Estland. Det dreiar seg m.a. om elementære ting som blyanter, skrivehefte, krit osv.

Det er sett i gang innsamling av utstyr til musikarar og biletkunstnarar. Det estiske kulturdepartementet vil stå for distribusjonen i Estland.

KUF (Kyrkje- utdannings- og forskingsdepartementet) har løyvd kr 50.000 til elevutveksling på grunnskulenivå og oppmoda til å søkja midlar frå RVO (Rådet for vidaregåande opplæring) om ein tilsvarende sum til utveksling på vidaregåande nivå.

Alle fylkeskommunane er bedne om å delta i ei innsamling av sjukehusutstyr. Buskerud har alt gitt positivt og konkret svar slik at den første sendinga vil koma i veg til Estland alt før jul.

* **Baltikumkomiteén i Trondheim** konstituerte seg 9.10.91 og valde **Triinu Wilburg** til leiar. Dei fleste medlemmene er knytta til universi-

tetet, og dei ønskjer først og fremst kontaktar med universiteta i Baltikum. Fleire medlemmer frå Norsk-estisk kulturlag (Michael Jones, Venke Olsen og Turid Farbredd) var til stades på skipingsmøtet. Kulturlaget ser fram til eit godt samarbeid med den nye foreininga.

Førebels er det halde to foredragskveldar: ein med **Olav Fagelund Knudsen** frå Norsk utanrikspolitisk institutt, og ein med **Kaja Tael** frå Estisk institutt i Tallinn.

* **Ole Drolsum** har skrive til oss om **Den Norske Helsingforskomiteen** og planane vidare i Baltikum no som sjølvstendet er gjenoppretta. Dei vil m.a. følgja opp arbeidet for å sikra minoritetane sine rettar.

"Derneft vil det være viktig å bistå balterne med å skaffe vestlig hjelp til de store økonomiske og økologiske problemer. Baltikum har en industri som i hovedsak produserer varer som bare betalingsvake nasjoner er villig til å importere. Det er dessuten et stort behov for investeringer på miljøsidan. Flere estiske byer som Tartu, Kuresaare og Rakvere har ikke renseanlegg for kloakk. Her er det nødvendig med snarlige støttetiltak fra vestlige land, også av hensyn til forurensningen av Østersjøen.

Det er et stort behov for en omfattende boligfornyelse, landbruksmaskiner, medisinsk utstyr, og utstyr for kringkasting og telekommunikasjoner. En fornyelse og omfattende utbygging av telekommunikasjoner er nødvendig for såvel de politiske som de fremtidige handelsmessige forbindelser med vestlige land. Det er også av betydning at utveksling innenfor området kultur og utdanning styrkes i tråd med Helsingforsavtalen."

* **SOS Baltikum** heldt omframtrådsmøte 7. oktober og sette i gang ei innsamling som skulle vera fridoms-gåve til dei baltiske landa. Målet er å

reisa 20 millionar kroner. Organisasjonen har heilt frå starten i januar i år særleg hatt medisinsk hjelp på programmet. Dei innsamla pengane skal nyttast til oppbygging av helsevesen og jordbruk. I høve innsamlinga hadde SOS Baltikum invitert representantar frå regjeringane i dei baltiske landa. Frå Latvia kom president Gorbunovs, dei to andre stilte med helseministrane. Estlands helseminister, **Andres Ellamaa**, fortalde at den summen (270 rublar) som over offentlege budsjett på eit år blir brukt per person på helsesektoren svarar til prisen på ei pakke amerikanske sigarettar. Staten har rett og slett ikkje meir pengar å setja inn på dette feltet.

Hans H. Hellerud fortel at SOS Baltikum arbeider med fleire pilotprosjekt innan tannhelse. I januar 1992 dreg eit sendelag på 10-12 personar til Estland; dei representerer først og fremst helsefag og landbruksfag.

* **Stiftelsen SOS-Barnebyer** legg planar for framstøytar i Baltikum. Dei heldt nyleg eit stort informasjonsmøte i Oslo Rådhus, og generalsekretær **Ulf K. Dahl** har sendt oss eit omfattande materiale om prosjektet. Han presiserer likevel at engasjementet i Baltikum framleis er på planleggingsstadiet.

FOLKEHØGSKULEELEVANE

Kulturnytt har tidlegare meldt at det er 30 estiske folkehøgskuleelevar kringom i landet. No har det kome i leite ei jente til, Anu Purken på Skjeberg Folkehøgskole, så dermed blir det 31! Har du lyst til å få kontakt med ein folkehøgskuleelev, kan du venda deg til Mariann Rygge på Kulturlaget sitt kontor (sjå adr. på baksida). Kanskje du f.eks. kunne stilla med husrom og hjarterom i juleferien eller påskeferien? Det ville vera svært velkome. Og sikkert ville du sjølv få noko å minnast for resten av livet.

Elles minner me om Norsk-estisk studiehjelp som tek sikte på å gi økonomisk støtte til estiske studentar og skuleelevar (sjå adr. og postgirokonton sist i dette bladet).

FRÅ SKULEFRONTEN

* Veke 38 vart livleg for østlandsvenner i Stavanger og Bergen som på kort varsel la opp program og tok imot 42 gjester som **Madis Linnamägi** hadde fylt ein heil buss med. Alle saman var lærarar, og dei fekk m.a. vitja skular og andre undervisningsinstitusjonar. **Estlandsforeninga i Rogaland** med leiaren, **Willy Jensen**, i spissen, og kulturlagsmedlemmene **Odd Magne Toft** og **Solfrid Tveranger** i Bergen stod på som heltar. Derfor var det også i høg grad fortent at alt vart så vellykka arrangementsmessig, og givande både fagleg og menneskeleg for alle partar.

* Alle lærarane i Sirdal heiv seg på ein buss og drog til Estland i haustferien (veke 47). Det var gjensitt etter besøk av ei gruppe frå Vanalinna Muusikamaja i Tallinn hausten 1990.

Skulesjef **Steinar Tjømli** sende oss ein inspirert rapport som fortel om ein fantastisk tur for dei 39 deltakarane - heilt frå dei vart mottekne i hamna av **Kerstin Nigesen** og **Maire Riis**. Mange vennskap vart knytta dei travle novemberdagane som omfatta konsertar, besøk på skular, tur til Tartu med **Ülo Vooglaid** som sakkunnig guide, besøk i Viitna naturreservat osv. osv.

* Etter at elevar frå Viimsi hadde besøkt **Vevelstad ungdomsskole** sommaren 1990, drog dei norske ungdommane i sin tur på besøk til vennene sine i Estland 10.-16. juni i år. Ei åttandeklasse frå Viimsi vitja Kråkstad grunnskule 20.-26. september i år. Ved begge desse høva var det også besøk av estiske familiar hos norske familiar.

* **Oppegård skole** la i haust for andre år på rad skuleturen sin til Estland, fortel lærar **Sissel M. Falck-Jørgensen**. Dei vitja Tallinn og Viimsi dagane 14.-17. oktober.

* **Jordbruksskulane** trappar opp i kontaktane med Baltikum. Ein del materiale om dette står over til eit seinare nummer.

* **Musikkskulane** rundt omkring i landet har funne gode venner i Estland. Her nemner me musikkskulen i Oppdal ved rektor **Ragnhild Rise**, i Telemark ved rektor **Åge Korneliussen**, i Sirdal ved rektor **Elsa Flaig** og i Surnadal ved rektor **Elin Persson**. Me ventar på rapportar frå dei om det konkrete arbeidet.

* **Steinerskulen** har eit føresprang på dei fleste. I brev frå **Esther Gjelge** motteke 3.12. fortel ho om arbeidet i Rakvere, Tallinn, Rapla og Tartu. Den viktigaste kontakten i Noreg er Steinerskulen i Tønsberg og **Astrid Bjønness**. Ho har også skrive til Kulturnytt om arbeidet som har eit imponerende omfang. Plassomsyn gjer at me let ein meir utførlig omtale stå over til eit seinare nummer.

* **Sund Folkehøgskole** i Nord-Trøndelag har gått inn i eit samarbeid med ein folkehøgskule i Sverige og ein i Finland om eit studium som dei kallar Midt-Norden-linja. No skal Estland også på programmet. Den drivande krafta i arbeidet er lærar **Eva Rennemo**.

* Folkehøgskulen på Bømlo heiter **Olavskolen**. Den initiativrike rektoren, **Morten Eriksen**, samlar no gode folk til innsats for planen om ein folkehøgskule som gåve til Estland.

NORSK SOM FAG I ESTISK GYMNAS

Dette prosjektet er finansiert av

Rogaland fylkeskommune. Lektor **Ingegerd Austbø** underviser i norsk på skule nummer 7 i Tallinn. Elevane er frå før flinke i engelsk slik at dette kan fungera som hjelpespråk.

LÆRAR I NORSK

er den store draumen også på Viimsi skule like utanfor Tallinn. Skulen har mange kontaktar med Noreg og prøver å klora seg fram i norsk språk på eiga hand. No sender engelsklæraren **Meedi Neeme** eit naudrop til oss med bøn om hjelp. Me let ropet gå vidare til lesarane.

ESTISKE ELEVAR I NORSK VIDAREGÅANDE SKULE

Den estiske forskaren **Evi Hiob** har arbeidd eit par år på landbruks-høgskulen på Ås, og dei to sønene har gått på ungdomsskule og vidaregåande skule. No er den yngste heime i Tartu, men **Mart Hiob** vonar å nå fram til avslutning på Ås vidaregåande skule.

Derimot lykkast ikkje prosjekta med International Baccalaureate i Oslo og Stavanger denne gongen. Årsaka var at det vart for kort tid til formalitetane. Det blir satsa på nytt for skuleåret 1992-93, og Berg vidaregåande skule i Oslo har alt sendt invitasjon for to elevar frå Estland. Aukra vidaregåande skule fekk heller ikkje den etterlengta eleven til fiskerilina. Der var årsaka mangelen på skuleplassar i fylket som gjorde at eigne elevar måtte prioriterast. Det er von om å finna ei ordning til neste år.

SAMARBEIDSAVTALE MELLOM UNIVERSITETA

Rektor **Inge Lønning** frå Oslo og rektor **Jüri Kärner** frå Tartu skreiv 1. desember under ein samarbeidsavtale mellom dei to universiteta. Ambassadør **Brit Løvseth** var også til stades ved dette høvet i Tartu. Oslo hadde tidlegare gjort same slag avtalar med universiteta i Riga og Vilnius. Dette var den første avtalen universitetet i Tartu gjorde etter at Est-

land fekk sjølvstendet gjenoppretta. Etter avtalen skal samarbeidet m.a. omfatta språk, jus, historie, samfunnsfag, økonomi. Studentar skal bli inviterte til sommarkurs.

NORSK LEKTOR I TARTU

Ja, endeleg! No skal det bli - får me vona. Då lektoratet vart utlyst i haust, melde det seg fem søkjarar, og snart vil det vera avklart kven av desse det blir. Det hastar, det hastar med ei avgjerd.

ESTISK LEKTOR I OSLO

I radioen frå Estland kunne ein 1. desember høyra rektor **Inge Lønning** som vart intervjuet i Tartu og lova at det skulle bli lektorat i estisk ved universitetet i Oslo.

Trond Trosterud har utarbeidd forslag til studieopplegg og pensum for estisk som universitetsfag i Noreg.

Dei som er interesserte i å studera estisk på universitetet, kan venda seg til Institutt for Østeuropeiske og orientalske studier, Boks 1030 Blindern, 0315 Oslo, tlf. 02 - 85 69 79.

KURS I ESTISK KULTUR OG SAMFUNN

Kulturlaget arbeider med planar for eit kurs i estisk språk, kultur og samfunn for norske deltakarar. Det skal eventuelt haldast i Tartu og Tallinn 13.-26. juli 1992. Undervisnings-språka blir engelsk og kanskje delvis nordisk. Interesserte bør venda seg til Kulturlaget snarast råd så me får eit inntrykk av oppslutninga. Prisen kan koma til å bli om lag 4.000-4.200 kroner alt inkludert rekna frå Oslo.

KURS I ESTISK SPRÅK

Det er planar om nybegynnarkurs i estisk fleire stader i landet. Ta kontakt med Kulturlaget dersom du er interessert. Frå **Ivar Otto Iversen** på Ski har me alt fått konkrete opplysningar

og tek inn følgjande kunngjering: Kurs i estisk startar på Ski torsdag 23. januar 1992 kl 18.00 - 20.30 på folkeuniversitetet, Idrettsvegen 20 (300 m frå Ski stasjon). Lærar på kurset er **Tiilo Vilu**. Påmelding snarast råd, eller innan 15. januar. Nærare opplysningar hos Jan Thor-modsæter, tlf. 09 - 87 34 57. I tilknytning til kurset er det tenkt å arrangera ein tur til Estland så deltakarane får prøva dei nye kunnskapane sine.

SOMMARKURS FOR BALTARAR I DEI NORDISKE LANDA

Ved universiteta i dei nordiske landa blir det undervist i grannespråka, og det finst eit sommarkursprogram som gir studentar høve til å delta på kurs i dei andre nordiske landa og studera vidare. Etter initiativ frå førsteamanuensis **Svein Lie** ved Universitetet i Oslo, gjekk det i fjor invitasjonar til nordiskstudentar i Baltikum. Kvoten var ein student frå kvart land. Det einaste resultatet vart at **Kaja Tael** frå Estland deltok på kurs i samisk i Ammanäs tre veker i juli-august.

Det er venta at informasjonen no når betre fram gjennom dei nordiske lektorane og ambassadane i Tallinn, Riga og Vilnius. Sommaren 1992 er det teke sikte på å ta imot fire studentar frå kvart land. I mottakarenden skal det fungera slik at Danmark, Finland, Noreg og Sverige kvar tek imot ein student frå kvart av dei baltiske landa. Dette er svært lite, men me skal vera glade for at det er gjort ei byrjing. Kulturlaget prøver å få ei utviding alt neste sommar.

Svært viktig er det også å arbeida for at dette skal fungera som utveksling. Studentar frå dei nordiske landa må få eit årleg tilbod om rimelege kurs i dei baltiske landa. Dette kan det vera von om under den nye avtalen mellom Oslo og Tartu.

LÆRAREN, DEN VIKTIGASTE SOM FINST

Kulturlaget ønskjer kontakt med lærarar som kan gi arbeidskrafta si til kurs av ymse slag for estarar. Først og fremst har me i tankane språkleiren for folkehøgskuleelevar i Estland sommaren 1992. Det vil vera tale om nybyrjarar og vidarekomne elevar. Det trengst også visse typar spesialiserte intensivkurs.

Norske lærarar er ikkje bortskjemde frå før med god lønn, og Kulturlaget har dessverre heller ikkje høve til å skjemma dei bort. Me gir reisegodtgjering og litt dagpengar. Resten av lønna ligg på eit anna plan: opplevinga av Estland og gleda over å arbeida med motiverte elevar.

FOREDRAG, o.lkn.

Mange av medlemmene i kulturlaget viser stor aktivitet på opplysningsfronten. **Per Bygnes** i Sørbovåg er ein heil kulturinstitusjon som utrøtteleg er på ferde med artiklar, reportasjar, lysbiletframsyningar osv.

Leikny Haga Indergaard på Rogaland fylkesbibliotek hadde lagt til rette for to førelingar om estisk litteratur 21. november. Turid Farbrege fekk oppleve eit publikum som var utruleg sakkunnig og kultursvolte.

Målrørsla er ei nasjonal rørsle som har lett for å kjenna solidaritet med den nasjonale kampen i Baltikum. Ulike mållag har vore ivrige etter å få foredrag om språk og kultur i Estland.

Fleire av folkehøgskuleelevene har alt lært så mykje norsk at dei kan fortelja om landet sitt på skular og i organisasjonar.

Foreningar og andre som vil ha ein estisk programpost på arrangementet sitt, kan ta kontakt med kontoret til Kulturlaget, så vil det bli granska om ein passeleg person har høve til å koma.

NORDEN OG BALTIKUM var tema for ein konferanse på Voksenåsen i Oslo 1.-3.11. i regi av Foreningane Nordens Forbund ved generalsekretær **Lars S. Hauge** og arrangementsansvarleg **Hermød Hanssen**. Det var deltakarar frå dei fleste nordiske landa og frå alle dei tre baltiske landa. Følgjande kom frå Estland: **Helgi Põllo**, **Raigo Piiberg**, **Katrin Latt**, **Märt Marits**, **Ain Sarv**, **Kaja Tael**, **Piret Saluri**, **Miia Masso** og **Rein Tammsalu**.

Mare Kukk, som var tre månader med stipend på Norsk utanrikspolitisk institutt, heldt eit framifrå foredrag om det nordisk-baltiske rommet. Folkehøgskuleelevene **Meelis Joost** og **Orvika Tiits** dukka også opp. Særleg **Meelis** snakka alt godt norsk.

Mange fekk problem med å koma seg opp til Voksenåsen den første ettermiddagen, for då snøa det tett og vått så det vart reine såpeføret. Sikkert noko å minnast for estarar med sommardekk på bussen sin.

TO BALTISKE MATINEAR

har det vore på Det Norske Teatret i Oslo sidan førre nummer av Kulturnytt. Kulturminister **Lepo Sumera** heidra den første med nærværet sitt 5. oktober og snakka om situasjonen for kulturen no som landet er sjølvstendig. Dersom estarane ikkje hadde greidd å halda på språk og kultur under lange okkupasjonsår, ville dei ikkje hatt nokon grunn til å bli politisk sjølvstendige. Av programmet elles kan nemnast at **Juni Dahr** akkompagnert av **Håkon Austbø** framførde delar av **Håvamål**. Teksten var kjend i estisk omsetjing ikkje berre

for **Lepo Sumera**, men også for helseminister **Andres Ellamaa** som også var til stades i teateret.

Den andre matineen vart halden 2. november og la større vekt på musikk, likeins på latviske og litauiske innslag. Men eit par skjønnlitterære tekster som vart opplesne, var sette om frå estisk.

YMSE LITTERATUR etc.

* Journalist i Adresseavisen, **Johan O. Jensen**, har på Gyldendal forlag gitt ut ei reportasjebok på 219 sider: *En drøm om frihet* med undertittelen *Baltere forteller*. Han har gjort mange reiser til Baltikum og tallause intervju med ulike personar. I denne boka let han om lag tretti baltarar koma til orde og fortelja om bakgrunn, situasjon og draumar. Det er absolutt eit interessant dokument.

* Tidsskriftet **Syn & Segn** har også tidlegare vist interesse for Baltikum. Omslaget til nr. 3, 1991 har tre nyskrivne dikt av **Jaan Kaplinski**. Opningsartikkelen er av **Sirje Endre**: "Estland stig på Europa-ekspressen". I same nummer blir fire norske auststatsforskarar og bøkene deira granska av den russiske historikaren **Aleksandar Kan**. Dei fire er **Pål Kolstø**, **Peter Normann Waage**, **Hans Wilhelm Steinfeld** og **Jon Røssum**. Av desse er det **Jon Røssum**: *Den austeuropæiske revolusjonen* (1990) som gir størst plass til Baltikum.

* I tidsskriftet **Vinduet** nr. 3, 1991 står eit fem siders intervju som **Liv Lundberg** har laga med lyrikaren **Doris Kareva** i Tallinn. Det er også gjengitt nokre dikt av Kareva henta frå antologien **Snelys Snemørke**. Den inneheld gjendiktingar ved **Odd Abrahamsen** i samarbeid med **Ivo Iliste** og kom på Dreyer i 1989.

* **Bonniers Litterära Magasin** nr. 5, 1991 har eit langt intervju med **Jaan Kross** laga av den finlands-

svenske litteraturkritikaren **Elisabet Nordgren**.

* På Det norske teatret i Oslo kan ein fem dagar i veka midt på dagen høyra på diktlesing. **Lunsj og lyrikk** kallast dette, og 14.-18. oktober var det baltisk lyrikk som vart lesen av skodespelaren **Bernhard Ramstad**.

* Forfattarforeininga i Finland lagar videoprogram om forfattarane sine. Etter eit dusin finnar tok dei inn **Jaan Kross** i serien. Filmen hadde premiere i Tallinn 26. november.

* **Nordens Tidning** (tidsskrift for Foreninga Norden) nr. 3, 1991 har ein liten artikkel av **Anu Saluäär** der ho fortel om nordisk litteratur på estisk - heilt frå **Aleksander Kielland** i 1899 til **Tor Åge Bringsværd** nitti år seinare.

* **Bladet Gode år**, sparebankmagasin for eldre, har i nr. 3, 1991 seks sider med tekst og bilete frå Estland. Mannen bak dette er **Per Bygnes** som på to av sidene fortel om omsetjaren **Elvi Lumet** og det seige arbeidet hennar for norsk litteratur. Per og Gunnvor Bygnes vitja alle dei tre baltiske landa i sommar og karakteriserer reisa som ei "eventyrferd".

* **Nordisk Kontakt**, eit tidsskrift utgitt av Nordisk Råd, har teke konsekvensen av at Norden er utvida med Baltikum. Nesten kvart nummer inneheld baltisk stoff. Samtidig er det nordiske stoffet på ulike nordiske språk interessant og nyttig for baltarane. Kulturlaget sende inn til utgivarane adressene til nokre estiske institusjonar som no får gratisabonnement på tidsskriftet.

* **The Baltic Independent**, engelskspråkleg vekeavis utgitt i Tallinn, brukte i nr. 77 (20.-26. sept.) om lag ei kvart side til å fortelja om verksemda i Norsk-estisk kulturlag. Hovudemnet for artikkelen var folkehøgskuleprosjektet.

KOR MANGE ESTARAR ER DET?

Den siste offentliggjorde folkerekninga gir tala for desember 1989. Av heile folketalet på 1,6 millionar var det då 61,5% estarar (mot 91% før andre verdskrigen), resten er for største delen russarar, men det er også ukrainarar, finnar, jødar o.a. I hovudstaden Tallinn utgjorde estarane berre 46,8%. I byrjinga av november vedtok det estiske parlamentet ei lov som gjorde estarane til statsborgarar av den sjølvstendige Republikken Estland. Etter lova kan ikkje-estarar søkja om statsborgarskap dersom dei har budd i landet samanhangande i to år. Tida blir rekna frå 20. august i år då landet erklærte seg sjølvstendig. (Helsingin Sanomat 16.11.91)

KVAR VART DET AV DEI?

I ein artikkel i **Edasi** 22. juli 1989 stilte Tiit Pruuli dette spørsmålet etter ei gjennomgåing av **Eesti Nõukogude Entsüklopeedia** (Sovjet-estisk leksikon, 1968-78). Ca. 90 artiklar om ministrar og andre framstående personar i rikshistoria frå sjølvstendetida manglar nøyaktige opplysningar om kvar eller kva tid desse døydde og kvar dei er gravlagde. Det er tale om personar som vart arresterte av sovjetmakta. Men kva hende så med dei etter det? I Vesten har det kome ut bøker som kjem inn på temaet, f.eks.: **Endel Krepp: Mass Deportations of Population from the Soviet Occupied Baltic States**, Stockholm 1981 og **Vello Salo: Population Losses in Estonia. June 1940 - August 1941**, Vol. I, Toronto 1989.

I tre nummer av **Postimees** (Tartu, 17.-19.10.91) kastar **Vladimir Pool** nytt lys i saka. Som nestsejef for KGB i Estland har han hatt betre tilgjenge enn andre til ymse arkivmateriale, men heller ikkje han har greidd å

spora opp alle som var nemnde av Pruuli. Framstillinga er deprimerande lesnad om brutalitet og fornæring. Og enno ein gong lyt ein undrast over at slikt kunne skje, og at slikt *fekk* skje med ein europeisk kulturnasjon i vårt hundreår.

ESTISK PASS

Estarane må framleis klara seg med sovjetiske pass, men dei ser fram til å få sine egne. 28.10.91 vart det for regjeringa i Tallinn presentert utkast til vanleg utanlandspass, diplomatpass, sjømannspass og legitimasjonsbevis for personar utan statsborgarskap. Seks land har sagt seg villige til å trykkja passa. Så då så.

VARIA

* Bærum kommune og Tartu kommune har i haust gjort formell avtale om å oppretta vennskapsbykontakt.

* Styresmaktene i Estland vedtok 18. november at frå 10. januar 1992 skal det krevjast visum av folk som kjem frå Sovjet. At Estland har kontroll med egne grenser er eit viktig vilkår for at dei nordiske landa skal gå med på å avskaffa den visumtvangen som gjeld baltarar når dei vil inn i Norden.

* Det vart 1.10. sett fram forslag til ny **bustadlov** i Estland. Dei fleste estarane leiger husvære, og forslaget går inn for at det skal bli lettare å kasta ut leigebuarar. Dei må frå neste år av betala leige som svarar til vedlikehaldsutgiftene. Husleiga blir nesten fri for kontroll og kan koma til å bli tidobla.

* Mangelen på **drivstoff** har m.a. sett busstrafikken i fare. Det er utarbeidd ein plan for korleis busstrafikken i Tallinn blir nedskoren etappevis.

* **Dalai Lama** vitja dei baltiske landa i haust; tidleg i oktober var han innom Otepää, Tartu og Tallinn. Historia gjentek seg. Me hugsar for nokre år

sidan korleis representantar for norske styresmakter unngjekk å treffa Dalai Lama fordi Kina motsette seg det. No skjedde det same i det sjølvstendige Estland. Men Dalai Lama vart motteken av medlemmer i den estiske kongressen som er eit "skugge-parlament" vald berre av estarar.

* Dei første estiske **frimerke** etter okkupasjonen vart utgitt 1. oktober, og folk stod mange stader i kø fleire timar for å få frimerke og sidan første-dagsstempel. Frimerka var trykte i Sverige og Tyskland i ni ulike verdier. Når det står f.eks. 0,30 og 1,00, betyr det no 30 kopek og 1 rubel, men om Estland snart får egne pengar, kan det lesast som 30 sent og 1 krone. Førstebels veit ingen kva tid krona kan takast i bruk.

* Estlands utanriksminister **Lennart Meri** deltok på ein konferanse i Noreg 28.-30. november og vart intervjuet av radio og aviser. Radioreporteren **Tilvi Vilu** som bur i Noreg, laga også eit intervju i Oslo som gjekk ut på det estiske riksnettet.

* Tenestemenn frå dei baltiske utanriksdepartementa var inviterte av norsk UD til eit tovekers seminar i Oslo siste halvdel av november. Dei tre frå Estland var **Alar Oljum**, leiar for nordisk avdeling, **Epp Alatalo**, spesialist på norske og svenske saker, og **Ivar Möldre**.

* **Kersti Kask** arbeider som au-pair i Hof i Vestfold. Ho gjekk på norsk-kurset som NEK heldt i Estland i sommar. Då ho kom til Noreg, gjekk ho opp til norsk-prøve og bestod med glans slik at ho kunne halda fram på kurs for vidarekomne. Dersom fleire vil ha au-pair frå Estland, kan NEK hjelpe til med å formidla kontakt.

* **Eesti-Norra Selts** treng ein telefaks. Er det nokon av medlem-

mene som kan hjelpe til med dette?

IDRETT

* Alle dei tre baltiske landa vil senda deltakarar til dei olympiske vinterleikane i Albertville 1992. Den estiske kombinertløparen **Allar Lõvandi** som tok bronse i Calgary 1988, har tenkt å prøva seg på nytt.

* **Austersjøland** får sine egne idretts-tevlingar. Vertskap første gongen er Estland sommaren 1993. Deltakarlanda blir Estland, Latvia, Litauen, Finland, Sverige, Danmark, Polen, Slesvig-Holstein og Leningrad-området. Også Noreg får lov til å delta endå om me ligg eit stykke frå Austersjøen. Det blir tevlingar i friidrett, men også i mange andre idrettsgreiner.

* **Ants Sormul** har sendt program og anna materiale frå landskampane i damehandball mellom Noreg og Estland. 27.9. i Steinkjerhallen, 28.9. i Inderøy kulturhus og 29.9. i Frostahallen. Kampane var ujamne, så me minner om at det viktige er å delta, og vertskapa har all ære av dei fine arrangementa. Det var hyggeleg at dei kommunale styresmaktene slutta opp om tiltaket og slik gav eit eksempel til etterfølging.

TEATER

* **Petrusjka teater** frå Trondheim hadde framsyningar i Tallinn og Rapla i midten av september. Leiaren for dette dokketeateret er **Tatjana Zaitzow** som no også i eigenskap av teaterskulelærer vil byggja kontaktar med Estland.

* Skodespel av **Henrik Ibsen** blir ofte framførde på estiske scener. No står det fire samtidsdrama på programmet: Villanden, som hadde premiere i fjor, held fram på Vanemuine i Tartu samtidig som Gengangere kjem som nytt; premiere i haust har det vidare vore for Et Dukkehjem på Noorsooteater i Tallinn og Når vi døde våkner på Ugala i Viljandi.

* I Noreg kjenner me **Jaan Kross** som roman- og novelleforfattar og **Jaan Kaplinski** som lyrikar. I haust har det ved finske teater vore premiere på skodespel av begge to. Etter kvart får me vona at også norske teater finn noko av interesse i Estland. I alle fall har teaterfolk oppretta kontaktar, og regissøren, skodespelaren, politikaren osv. **Mikk Miki-ver** har vitja Noreg fleire gonger.

OPERA

Etter norsk kultur i form av komle-middag (raspeball) på Kaffistova i Oslo gjekk kulturminister **Lepo Sumera** 5.10. på "Nijinski-aften", dvs. ballett-kveld. Som kjent er Lepo Sumera sjølv komponist, og nokre veker i haust var kjenningen hans, estaren **Paavo Järvi**, orkesterdirigent på Den Norske Opera. Dansaren **Teet Kask** har vore engasjert same staden sidan hausten 1990. Han kom dit frå balletten i Stockholm..

KUNST

Etter utstillingar i Rogaland 1984 og i Nord-Noreg 1989 er grafikaren **Kaljo Põllu** den estiske kunstnaren me kjenner best her til lands. 3.12. opna han ei ny utstilling i Tallinn. Ambassadør Brit Løvseth var til stades, og ho nytta høvet til å kjøpa eit bilete.

KORSONG

* Kammerkoret **Collegium Vocale** frå Hamar vitja Tallinn under den store internasjonale songfestivalen "Bridge of Song" i juli. I september hadde dei gjenvisitt av 40 songarar frå **Tallinn Rådhus' Kammerkor**. Estarane heldt konsert i Hamar domkyrkje 24. september. Estiske komponistar på repertoaret var Tõnis Kaumann, Mart Siimer, Urmas Sisask og Raimo Kangro. Toneheim Folkehøgskole, som kallar seg landets første musikkfolkehøgskule, tok imot koret ein dag. Elles fekk songarane med seg rundturar på Hedmarken og i hovudstaden, og vitjing på Musikk-

høgskolen i Oslo med konsert i Lindemannssalen.

* Eit ungdomskor frå Viimsi vitja gospelkoret Justus på Ski i tida 8.-14.oktober. Det blir planlagt gjenvisitt.

FOLKEDANS

22.-28. august skipa ungdomslaget Ivar Aasen internasjonal folkedansveke i Ålesund. Estisk deltakar var **Kuusalu vidaregåande skule**. Program og avisutklipp vitnar om god planlegging og vellykka gjennomføring av arrangementet. Alt oppstyret i heimlandet førte til at dei 35 estarane vart ekstra populære i Ålesund, fortel **Noralf Ommedal** i festivalstyret i eit brev til Kulturlaget.

JUST KNUD QVIGSTAD

I Estland opererer ei popmusikk-gruppe med dette namnet. Dei har kalla seg opp etter den norske språkforskaren som heitte så. Han var fødd i Lyngen 1953, var mange år rektor ved Tromsø lærarskule, kyrkje- og undervisningsminister i Konows regjering 1910-12. Han vann internasjonalt namn med dei vitskaplege arbeida sine om samisk språk og kultur. Qvigstad døydd 1957. Musikk-gruppa godtgjer for namnet ved å utnytte element frå norsk folkemusikk. Solisten heiter Arne Lauri.

MOTTEKNE RAP-PORTAR OG LIKNANDE

Når folk held fram med å senda inn materiale på denne måten, får me etter kvart eit verdfullt arkiv som vil bli viktig for den som eingong skal studera norsk-estisk samkvem og samarbeid. Takk til alle trugne medhjelparar.

* "Estland. Språk og historie som kulturelle komponenter i nasjonal identitet" Internt notat ved Venke Olsen som forberedelse til hovedfagsekskursjon for geografistudentar til Estland mai 1992. Universitetet i Trondheim. 43 sider.

* "Turen gikk til Estland" Rapport fra hovedutford for husdyrbruksstudentar ved NLH -88-92. 27.5.-6.6.91. 56 sider.

* "Econord Magasin" Miljømagasin for Nordkalotten, nr 1, 1991 2X30 sider. Utgitt av Svanvik Folkehøgskole saman med partnarar i Sverige og Sovjet.

* Lars Aase sende rapport frå NAVF-finansiert reise til Baltikum og Aust-Europa.

* Estisk-norsk ordliste for Nordjobb-prosjektet. Utgitt av Foreningen Norden. Estisk ekspert: Mare Luts. 8 sider.

* "Vi lærer norsk i Estland" Rapport fra et kursprosjekt 1990-91 i Tallinn ved Berit og Ivar Otto Iversen. 5+4 sider.

* Terje Baalsrud rapporterte frå interessant tur til Estland i oktober.

* Ants Sormul har sendt ein del materiale om kontaktane mellom Nord-Trøndelag og Estland, særleg Viljandimaa.

* Referat frå studietur som Rogaland

fylkeskulturstyre gjorde til Estland 24.-28.11.1991. 5 sider

* Materiale om prosjektet "Kids-92" frå Anne-Tove Vestfossen.

* Materiale om "Folkehøgskule i Estland" frå Morten Eriksen.

ESTISKE STUDENTAR PÅ SOMMARKURS

Den internasjonale sommarskolen ved Universitetet i Oslo hadde følgjande sju deltakarar i år (29.6.-9.8.91):

* Meelis Joost, norsk trinn III, nynorsk, norsk litteratur

Priit Kolbre, økonomisk politikk og offentlig administrasjon

Riho Laanemäe, fredsforskning

Merit Mikk, energiplanlegging og miljø

* Katrin Portnov, norsk trinn III, folke-minne, nordisk litteratur

* Anu Purken, norsk trinn I, norsk historie

Mati Vihman, elementær norsk, folke-minne

Sommaruniversitetet i Bergen hadde to estarar på norskkurs:

*Maret Suuroja

*Kadiliina Vilimaa

Dei fem som på lista er merkte med * heldt i august fram på ymse folkehøgskular.

ADRESSELISTA

blir trykt enno ein gong i ajourført, både forkorta og utvida! form. Alle telefon- og faksnummer til Estland byrjar med 095-7-014-. (Tilsvarende til Latvia 095-7-013- og til Litauen 095-7-012-). Til dette kjem så innanlands retningsnummer (eks. Tallinn 2, Tartu 34, Haapsalu 47, Kuressaare 45, Narva 35, Paide 38, Pärnu 44, Rakvere 32, Rapla 48, Viljandi 43, Võru 41, osv. osv.) Kulturlaget tek ikkje ansvar for eventuelle feil eller forandringar.

Adresser i Estland:

Kgl. Norske Ambassade Ambassadør Brit Løvseth
 Ambassaderåd Svein Tobiassen
(førebels adr. Hotel Palace, tlf 44 47 61, faks 44 30 98)

Nordisk ministerråds informasjonskontor
(Põhjamaade ministritenõukogu infobüroo)
Tolli tänav 3, 200001 Tallinn
Tlf.: 60 12 38, mobiltlf.: 949 354 124
Faks: 44 35 84
Leiar: Leo Salonen, sekr.: Eha Vain

Eesti Instituut Tlf.: 44 35 55
Sakala 3 Faks: 69 18 77
200001 Tallinn Gen.skr.: Henno Rajandi (Kaja Tael)

Eesti-Norra Selts
Olevimägi 12
200001 Tallinn

Tlf.: 60 17 90
Faks: 44 08 95
Personar: Valli Leon, Georg Jüriado

Põhjala-ühing Tlf.: 60 12 38
Tatari 15 Faks: 44 35 84
200001 Tallinn Leiar: Sven Lindström

Eesti Saami Ühendus
Lõuna 5 - 20
203500 Rapla

Leiar: Mikk Sarv
Tlf. (095-7-014-48-) 55 769

Andre adresser:

Norsk-estisk studiehjelp postgiro 0824-0295629
Postboks 91 Ljan
1113 Oslo

Estlandsforeninga i Rogaland
v/ Willy Jensen Tlf.: 04 - 57 57 55
Gauselvågen 52, 4032 Gausel

Baltikumkomiteen Leiar: Triinu Wilburg
w/ Studentutvalget AVH Tlf. og faks: 07 - 59 67 42
Universitetet i Trondheim Kontortid torsdagar kl 10 - 12
7055 Dragvoll

SOS Baltikum Tlf.: 02 - 19 15 55, Faks: 02 - 57 00 88
Urtegata 50 Leiar: Inge Mannsåker
0187 Oslo Kontorsek. : xx

Den Norske Helsingforskomiteen
Boks 8261 Hammersborg
0129 Oslo

SOS-Barnebyer Tlf.: 02 - 43 71 20
Postboks 2478 Solli Faks.: 02 - 43 73 75
0202 Oslo Generalsekr. Ulf K. Dahl

Kulturlaget Norge-Latvija 02 - 44 02 98
Postboks 5136 Majorstua
0302 Oslo

Foreininga Norden Tlf.: 02 - 50 69 00
Harbitzalléen 24 Faks: 02 - 73 17 63
0275 Oslo Generalsekr. Harald Løvaas

Tuglas-seura Tlf.: (095-358-0-) 66 96 17
 Mariegatan 8 B Faks: (095-358-0-) 66 96 15
 SF - 00170 Helsingfors Lejar: Eva Lille

Det baltiske informationskontor
H.C. Andersens Boulevard 38
DK - 1553 København V

Person: Arvo-Jürgen Alas
Tlf.: (095-45-33) 933462 el. 931867
Faks: (095-45-33) 91 30 99

Republikken Estlands konsulat Konsul: Arve Røys Stranden
Vollsveien 13 E Tlf.: 02 - 58 16 10
1324 Lysaker

Republikken Estlands Ambassade Ambassadør: Margus Laidre
Rådmanst. 18 Tlf. (095-46-8-) 10 99 81 el. 10 99 86
S - 11 425 Stockholm Faks (095-46-8-) 10 77 44

Baltiska Institutet
Virebergsvägen 18
S - 171 40 Solna

Person: Ivo Iliste
Tlf. (095-46-8-) 730 0706 el. 730 0708
Faks (095-46-8-) 730 0709

NORSK-ESTISK KULTURLAG

Harbitzalléen 24, 0275 Oslo.

Postgiro 0823 0985414.

Kontorsekr.: Mariann Rygge, tlf. 02 - 50 69 00.

Adresser til styret (valde på årsmøtet i april 1991):

Leiar:	Ole Harald Flåten, Harbitzalléen 24 0275 Oslo	tlf. 02 - 50 69 00/ tlf. priv. 033 - 81 448 faks: 02 - 73 17 63
Nestleiar:	Per Martin Tvensberg, Østre Disen 2300 Hamar	tlf. 065 - 23 468
Skrivar:	Turid Farbrege, Granvågen 14 A 36 SF - 00270 Helsingfors	tlf. (095-358-0-) 477 1 488 faks: c/o Tuglas-seura
Kasserar:	Tuula Eskeland, Postboks 1030 Blindern 0315 Oslo	tlf. 02 - 85 67 82 /14 52 88 faks: 02 - 45 43 10
Styremedlem:	Enel Melberg, President Harbitzgate 19 0259 Oslo	tlf. 02 - 44 48 98
Varamedlemmer:	Christoffer Kahrs, Solveien 135 1169 Oslo	tlf. 02 - 28 61 39
	Marianne Sødal, Oscarsgate 9 0352 Oslo	tlf 02 - 60 76 48